



MODALEN KONTROLLUTVAL

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 22. februar 2023 kl. 09.00 – 13.00

- Stad: Formannskapsrommet, kommunehuset
- Tilstades: Sigmund Vikane (leiar) Sigrunn Almelid Birkeland (medlem), Linda Tollefsen (medlem),
Aud Almenningen Steinsland (vara) og Jan Arild Steinsland (vara)
- Forfall: Bjørn Helge Venås (medlem) og Ove Eidsnes (nestleiar),
- Andre: Ordførar, Kjetil Eikefet (i sak 01 - 05/23), rådmann Jo Bjarte Tømmerbakke,
økonomisjef Magne Verpelstad og assisterande rådmann Tonje Husum Aarland
(i sak 04 - 05/23)
- Revisor: Forvaltningsrevisor Arne Gilbakken, (på teams i sak 07/23) og
Revisjonssjef Janne Eraker, (i sak 01-07/23) Vestlandsrevisjon IKS
- Sekretær: Torbjørg Grøttveit Gjerstad, Region Nordhordland IKS

INNHALD

01/23 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet	2
02/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 07.12.2022.....	2
03/23 Meldingssaker	3
04/23 Orientering om finansielle måltal og kommunal økonomisk bærekraft – inkl. kort status om avslutning på årsrekneskapen 2022	4
05/23 Aktuelt i Modalen kommune	5
06/23 Orientering: Revisjonsrapport interim 2022	6
07/23 Status forvaltningsrevisjon.....	7
08/23 Modalen kontrollutval si årsmelding	8
09/23 Møteprotokoll frå politiske utval – evaluering av denne som fast sak i kontrollutvalet	9
10/23 Eventuelt	9



01/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE TIL MØTET

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 22.02.2023 er godkjent.

HANDSAMING I MØTET

Samrøystes vedteke

VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 22.02.2023 er godkjent.

02/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 07.12.2022

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Møteprotokoll frå møtet 07.12.2022 er godkjent slik den ligg føre.

HANDSAMING I MØTET

Samrøystes vedteke

VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 07.12.2022 er godkjent slik den ligg føre.



03/23 MELDINGSSAKER

- a) Budsjettvedtak kontrollutvalsarbeidet
- b) Årsmelding kontrollutvalsarbeidet
- c) Budsjett og økonomiplan 2023 – 2026
- d) Val av nytt varamedlem til kontrollutvalet KS sak 051/22
- e) Invitasjon frå FKT til fagkonferanse for kontrollutval 31. mai-1. juni

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek sakene til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Samrøystes vedteke

VEDTAK

Kontrollutvalet tek sakene til orientering.



04/23 ORIENTERING OM FINANSIELLE MÅLTAL OG KOMMUNAL ØKONOMISK BÆREKRAFT – INKL. KORT STATUS OM AVSLUTNING PÅ ÅRSREKNESKAPEN 2022

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek saka om finansielle måltal, KØB og status for avlegging av årsrekneskapen til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte om kommunen sine finansielle måltal. Presentasjon er vedlagt protokollen.

I økonomiregelement frå Modalen kommune vedteke 2020, står det at kommunen sine finansielle måltal er:

- Netto driftsresultat:
 - Langsiktig mål for netto driftsresultat i prosent samla driftsinntekt vert sett til minimum 3 %
- Gjeldsgrad:
 - Langsiktig mål for lånegjeld i prosent av samla driftsinntekt vert sett til maksimum 60 %
- Driftsreservar (Disposisjonsfond):
 - Langsiktig mål for samla disposisjonsfondsmidlar i prosent av samla driftsinntekt vert sett til minimum 10 %.

Netto driftsresultat og gjeldsgrad til kommunen ligg begge over finansielle målalet.

Disposisjonsfondsmidlar er på 4,2 % som er lavare enn målet. Det kom fleire utgifter mot slutten av året, m.a: rassikring.

Økonomisjefen gav også ein kort status om ferdigstilling av årsrekneskapen 2022.

Det kom fram eit nytt forslag til vedtak: Kontrollutvalet tek saka om finansielle måltal, kommunal økonomisk berekraft og status for ferdigstilling av årsrekneskapen til orientering.

Samrøystes vedteke

VEDTAK

Kontrollutvalet tek saka om finansielle måltal, kommunal økonomisk berekraft og status for ferdigstilling av årsrekneskapen til orientering.



05/23 AKTUELT I MODALEN KOMMUNE

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Saka vart handsama etter sak 03/23

Ordførar, Kjetil Eikefet, orienterte om:

- Praksis kring føring av møteprotokoll i kommunestyra i Modalen kommune, samt offentleggjering og publisering av møteprotokoll.
- Vedtak i fylkeskommunen om nærskuleprinsippet
- Ordførar ynskjer å bruka kommunestyremøta til temamøter. Neste kommunestyremøte skal omhandla Det store barnevernsløfte.

Assisterande rådmann, Tonje Husum Aarland, orienterte om:

- Modalen har busett 11 flyktningar i 2022. Oppmoding om å busette fleire flyktningar i 2023. Det arbeidast no med å få på plass språkpraksisplassar for flyktningane.

Rådmann, Jo Bjarte Tømmerbakke, orienterte kort om:

- Legevaktavtalen skal opp i kommunestyret i mars.
- Ulykka i Bryggjeslottet. Kommunen mobiliserte heile kriseleiinga og psykososialt team i kommunen, i samsvar med kriseplanen for kommunen.
 - Kommunen må no gå gjennom rutine for bruk av bassenget. Pr. dags dato er Fjordslottet stengt for alle med nøkkelbrikke.
 - Eit foreløpig tiltak er å utvida tidene der det er bemanna badevakt, samt auka med ein ekstra badevakt i eit tidsrom, slik at innbyggjarane kan få oppretthalda tilbodet.

Kontrollutvalsmedlemmene stilte spørsmål og fekk svar.

Kontrollutvalsmedlemmene informerte om at det var skrive feil kommunenamn i sakspapira til denne saka.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



06/23 ORIENTERING: REVISJONSRAPPORT INTERIM 2022

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek saka til orientering

BEHANDLING I MØTET

Revisjonssjef, Janne Eraker, orienterte om interimrapporten.

Det er ikkje avdekkja vesentlege feil, men det er litt svakt med kontrollpunkt i kommunen. Revisor treng bevis på at kontrollen er gjort. Her har kommunen litt å gå på.

Revisjonen har kvart år kontroll på lønnsområdet. Erfaring frå revisor er at det er god historikk på dette området i kommunen og det viser seg at det er god kontroll denne gongen også.

Kommunen har god kontroll på prosjekt og investering.

Det er få feil og ryddig i kommunens økonomistyring og revisor har eit positivt inntrykk. Kommunikasjonen mellom revisjonen og kommunen er veldig god.

Kontrollutvalsmedlemmene stilte spørsmål og fekk svar.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek saka til orientering



07/23 STATUS FORVALTNINGSREVISJON

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

BEHANDLING I MØTET

Forvaltningsrevisor Arne Gilbakken deltok på teams og informerte om arbeidet med forvaltningsrevisjonen.

Det har vore oppstartsmøte med administrasjonen der revisor har henta inn informasjon og fått tilgang til dokumentasjon.

Revisor har ikkje inntrykk av at det ligg ein konkret strategi for kommunikasjon av politiske vedtak ut til innbyggjarane. I orienterings- og referatsaker frå kommunestyret, står det ikkje noko om/kva som har vorte drøfta kring saken i protokollen, og då vert det ikkje synleggjort. Dette er verdt å løfta fram.

Revisor er i rute med arbeidet tidsmessig.

Kontrollutvalsmedlemmene kom med innspel, stilte spørsmål og fekk svar til det vidare arbeidet med forvaltningsrevisjonen.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering



08/23 MODALEN KONTROLLUTVAL SI ÅRSMELDING

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet vedtek årsmeldinga for 2022 slik den ligg føre. Sekretariatet sender årsmeldinga til kommunestyret til orientering

BEHANDLING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta årsmeldinga og gjorde nokre rettingar i punkt 4 og 9.

Kontrollutvalsleiar ynskjer å presentera årsmeldinga for kommunestyret.

Kontrollutvalet kom fram til eit nytt vedtak: Kontrollutvalet vedtek årsmeldinga for 2022, med dei endringane som kom fram i møtet. Sekretariatet sender årsmeldinga til kommunestyret til orientering.

VEDTAK

Kontrollutvalet vedtek årsmeldinga for 2022, med dei endringane som kom fram i møtet. Sekretariatet sender årsmeldinga til kommunestyret til orientering.



09/23 MØTEPROTOKOLL FRÅ POLITISKE UTVAL – EVALUERING AV DENNE SOM FAST SAK
I KONTROLLUTVALET

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Ingen framlegg til vedtak

BEHANDLING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta føremålet med saka og om den skal stå som fast sak framover.

Kontrollutvalet drøfta seg fram til eit felles vedtak i saka: Kontrollutvalet vil fortsetja å ha saka med som fast post på saklista.

Dette vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet vil fortsetja å ha saka med som fast post på saklista

10/23 EVENTUELT

Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.

Finansielle måltal – Økonomisk bærekraft

Kontrollutvalet i Modalen 22.02.23



Modalen Kommune

Lovar og reglar

- *Kommunelova, kap 14 Økonomiforvaltning*
 - § 14-1: Kommunene skal forvalte sin økonomi slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid.
 - §14-2 Kommunestyret skal selv vedta:
 - Bokstav C: Finansielle måltall for utviklingen av kommunens økonomi

*Finansielle måltal – (langsiktige mål).
Vedteke i kommunestyret 10.12.20*

- Netto driftsresultat
 - Minimum 3 % av samla driftsinntekt
- *Lånegjeld*
 - *Maksimum 60 % av samla driftsinntekt*
- *Disposisjonsfond*
 - *Minimum 10 % av samla driftsinntekt*
- *Fokus i budsjettarbeid og årsmelding.*



Årsrekneskap 2022

- Frist 22.02.23, dvs i dag.
- *Avslutte rekneskapen med oversiktar, avstemmingar og dokumentasjon.*
- *Innrapportere til Kostra.*



Årsrekneskap 2022 – finansielle måltal

- Netto driftsresultat 2022: 8,6 mill = 7,3 %
- *Lånegjeld 31.12.22: 60,5 mill = 51 %*
- *Disp.fond 31.12.22: 5 mill = 4,2 %*

